

Interpellasjon til fylkesordfører i møte i Hordaland fylkesting, desember 2018

Bruk av raudspritbaserte stormkjøkken/kokeapparat i skulesamanhang i Hordaland fylkeskommune

Norsk brannvernforeining har saman med Norsk Foreining for Brannskadde gått ut og rådd ifrå bruken av raudspritbaserte kokeapparat. Ulukker med denne typen apparat har vore svært underkommunisert, og dei har ikkje vore samla i noko nasjonalt register, men stort sett berre vorte registrert som einskildtilfelle lokalt. Men dersom ein ser nærare på alle desse einskildtilfella, ser det ut til at det i alle fall kan dreie seg om ein stad mellom 8 og 15 personar, hovudsakleg born og unge, som vert brannskadde som følgje av bruk av raudspritbaserte stormkjøkken kvart år.

<https://www.nrk.no/troms/en-serie-uhell-fortsetter-a-brennmerke-barn-for-livet-1.14206552>

<https://brannvernforeningen.no/nyheter/2018/09/unnga-brannskader/>

Raudsprit brenn med ei tilnærma usynleg flamme, som det er umogleg å sjå i dagsljøs, særleg mot slutten av brenntida. Brukaren av stormkjøkkenet registrerer gjerne at apparatet fungerer dårlegare, og vil difor etterfylle med raudsprit. Dersom det framleis er varme i behaldaren, vil raudspriten ein heller på, nærast eksplodere, og held fram med å brenne på hud og klede med nesten usynlege flamar. Resultatet er vansiring for livet, og nokre gonger livstruande skader. Dei fleste som vert råka av dette, er born og unge.

Det kostar lite å bytte ut stormkjøkken med tryggare (og meir effektive) kokeapparat til bruk i friluft, og seie generelt nei til at denne typen varmekjelder vert nytta i skulesamanhang. Dette vil vere eit enkelt førebyggjande tiltak for å hindre at born og unge vert skadde i ulukker med stormkjøkken. Sjølv sagt kan ein dekkje seg bak at «med rett bruk er det inga fare», men erfaring syner at det vert gjort feil trass i god opplæring, og at konsekvensane av feilbruk er enorme kostnadar for både samfunn og den einskilde. Då er det førebygging eit godt tiltak.

Tromsø kommune har som første kommune i landet, etter at dei på få år har opplevd tre ulukker av denne typen i samband med skuleturar, innført forbod mot bruk av raudspritbaserte kokeapparat ved skular, barnehagar og kommunale institusjonar og arrangement. Eg vil oppmode Hordaland fylkeskommune til å bli eit føregangsfylke ved å gjere det same, og ber om at dette vert realitstshandsama av Fylkestinget.

Prosjektleder Tor Erik Skaar (telefon 917 24 306) i Norsk brannvernforening bidreg gjerne med fagleg informasjon. Nyttig informasjon om temaet er og å finne på facebookside til førebyggingsprosjektet «Sky ilden».